

<b>Kva:</b>	Møte nr. 02 23-25 i Hopp- og Kombinertkomiteen
<b>Tidspunkt:</b>	Torsdag 16. november 2023, kl. 20.00-21.30
<b>Stad:</b>	Digitalt via Microsoft Teams
<b>Sakliste:</b>	<i>REFERATSAKER</i> <i>Sak 06 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</i> <i>Sak 07 23-25 Godkjenning av protokoll nr. 01 23-25 HKK</i> <i>Sak 08 23-25 Godkjenning av referat frå Haustmøte 2023 HKK</i>  <i>RAPPORTERINGSSAKER</i> <i>SAK 09 23-25 Rekneskapsrapport pr. 03.11.2023</i>  <i>DISKUSJONS- OG VEDTAKSSAKER</i> <i>SAK 10 23-25 Oppfølging Haustmøte 2023</i> <i>SAK 11 23-25 Rekruttering</i> <i>SAK 12 23-25 Terminlista hopp og kombinert 2023-2024</i> <i>SAK 13 23-25 Støtte til utøvarar</i> <i>SAK 14 23-25 Eldsjelprogram i NSF Hopp</i> <i>SAK 15 23-25 Budsjett 2024</i>  <i>EVENTUELT</i>
<b>Til stades:</b>	Jon Ove Lomheim, Rune Rebni Pedersen, Jan Inge Årdal, Johnny Seljeset, og Kennet Dvergedal (adm.)
<b>Forfall:</b>	Lars Brekke
<b>Merknad:</b>	Jan Inge Årdal og Johnny Seljeset deltok ikkje i SAK 13 23-25, Jon Ove Lomheim deltok ikkje i SAK 14 23-25
<b>Referent:</b>	Kennet Dvergedal

## REFERATSAKER

### Sak 06 23-25

#### Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

#### VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.



**Sak 07 23-25**      **Godkjenning av protokoll nr. 01 23-25 HKK**  
**Bakgrunn**  
Protokoll frå møte nr. 01 23-25 i Hopp- og kombinertkomiteen er lagt ved som eige vedlegg. Protokollen er også godkjent elektronisk tidlegare.

**VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteén godkjenner protokoll nr. 01 23-25.

**Sak 08 23-25**      **Godkjenning av referat frå Haustmøte 2023 HKK**  
**Bakgrunn**  
Referat frå Haustmøte 2023 til hopp- og kombinertkomiteen er lagt ved som eige vedlegg.

**VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteén godkjenner referat frå Haustmøte 2023.

**RAPPORTERINGSSAKER**

**SAK 09 23-25**      **Rekneskapsrapport pr. 03.11.2023**  
**Bakgrunn**  
Rekneskapsrapport pr. 03.11.2023 er lagt ved som eige vedlegg. Rapporten vert presentert og gjennomgått i møtet.

Nøkkeltal pr. 03.11.2023:

Driftsinntekter HKK:	kr. 20 000,-
Driftskostnadar HKK:	kr. -10 566,-
Resultat:	kr. 9 434,-

Eigenkapital HKK pr. 31.12.2022: kr. 103 517,-

**VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen tek saka til orientering.

**DISKUSJONS- OG VEDTAKSSAKER**

**SAK 10 23-25**      **Oppfølging Haustmøte 2023**  
**Bakgrunn**  
I samband med fellesdelen til Sogn og Fjordane Skikrins sitt haustmøte 2023 ønskjer skikrinsstyret innspel frå greinkomiteane på følgjande punkt:

- a) Klubbeseøk for skiklubbutviklar
- b) Gåvemedlar frå Sparebanken Sogn og Fjordane (kr. 100 000,-)



I høve punkta gjorde Skikrinsstyret følgjande vedtak i SAK 32 23-25 i styremøte:

«Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande:

- a) *Greinkomiteane følgjer opp klubbbesøk i si grein. Vidare legg adm. til rette for felles samhandlingsmøte med representant frå komitéane og SKU. Det er også ønskje om at SKU tek initiativ til fleire barmarkssamlingar på tvers.*
- b) *Skikrinsstyret ønskjer innspel frå greinkomiteane til kva ein kan bruke gåvemidlane på.»*

## **VEDTAK**

Hopp og kombinertkomiteen gjer vedtak om:

- a) Kjem tilbake i SAK 11 23-25
- b) HKK ønskjer innkjøp av fleire rekrutteringshoppski for utlån til klubbane.

### **SAK 11 23-25**

#### **Rekruttering**

##### **Bakgrunn**

I høve rekrutteringsarbeid i hopp- og kombinertkomiteen drøftar komiteen rammer for bruk av skiklubb utviklar og samarbeid med komitémedlemmar, klubbar og anlegg.

## **VEDTAK**

Hopp og kombinertkomiteen drøfta utkast til aktivitetsplan med kontaktpersonar i møtet. Jon Ove følgjer opp aktivitetsplanen og gjer nødvendige avklaringar.

### **SAK 12 23-25**

#### **Terminlista hopp og kombinert 2023-2024**

##### **Bakgrunn**

Utkast til terminlista for hopp- og kombinert 2023-2024 er sendt ut på førehand.

I møtet drøftar ein følgjande punkt:

- SFEhopp cup
- Gjennomføring av hoppleik/ infoskriv hoppleik og rekruttering

## **VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen tek terminlista til orientering, og ber klubbane finne datoar for å arrangere SFEcup eller liknande arrangement. Jon Ove følgjer opp Hordaland Skikrets i høve datoar for krinsrenn.

Informasjonsskriv vert lagt ved når vedtatt terminliste sendast til klubbane.



**SAK 13 23-25**

## **Støtte til utøvarar**

### **Bakgrunn**

Frå Sogn og Fjordane Skikrins har ein i sesongen 2023/2024 to utøvarar som hevdar seg i toppen i sine klassar både nasjonalt og internasjonalt:

- Johannes Årdal, f. 2004, Jølster IL
- Torje Seljeset, f. 2005, Hornindal IL

### **VEDTAK**

Hopp og kombinertkomiteen gjer vedtak om å støtte kvar utøvar med kr. 20 000,-. Støtta går til kostnader utøvarane har med idretten sin og vert dekkja av det økonomiske overskotet til HKK og resterande av eigenkapitalen.

Dersom inntekter frå samarbeidsavtale med SFE kjem inn på rekneskapsåret 2023 kan HKK vurdere å støtte med høgare beløp.

Adm. følgjer opp utbetaling og dokumentasjon med utøvarane.

**SAK 14 23-25**

## **Eldsjelprogram i NSF Hopp**

### **Bakgrunn**

I høve eldsjelprogrammet til NSF hopp vert det delt ut to heidersmerke;

- Årets eldsjel i krets
- Årets frivillige i krets

Alle innstilte kandidatar vert invitert til RAW Air finalen i Vikersund.

Som eige vedlegg ligg informasjon og kriteria om eldsjelprogrammet i NSF hopp.

### **VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om å innstille følgjande kandidatar frå Sogn og Fjordane Skikrins til NSF hopp:

- Årets eldsjel: Jon Ove Lomheim
- Årets frivillige: Erlend Sie

Adm. følgjer opp grunngjevnad og sender til NSF hopp.

**SAK 15 23-25**

## **Budsjett 2024**

### **Bakgrunn**

Framlegg til rammer for budsjett for 2024 er lagt ved som eige vedlegg.

Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for Hopp- og kombinertkomiteen balanserar med kr. 42 300,- i driftsinntekter og kr. 42 300,- i driftskostnader.



## **Drift komité**

Det er budsjettert med kr. 40 000,- i overføring av marknadsinntekter jf. samarbeidsavtalen med SFE.

Det er budsjettert med kr. 5 000,- i kostnad for forsikringspremie på tilhenger med «SFE rekrutteringsbakken».

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 33 500,-.

## **NM**

Ifbm. NM er det budsjettert med kostnader på til saman kr. 4 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -4 000,-.

## **Jr. NM**

Ifbm. jr. NM er det budsjettert med kostnader på til saman kr. 4 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -4 000,-.

## **HL**

Ifbm. Hovudlandsrennet er det ikkje budsjettert med kostnader i 2024.

## **Cup**

I samband med SFEhopp cup er det budsjettert med kr. med kjøp av premiar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -2 000,-.

## **Hopp- og Kombinertkomiteen**

Til møteverksemd i komiteen er det satt av kr. 3 500,-.

## **Rekrutteringsprosjekt i hopp – «Fannemel-effekten»**

Det er budsjettert med rekrutteringsprosjekt i hopp.

Det er ikkje budsjettert med inntekter.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -20 000,-.

## **VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om å spele inn til skikrinsstyret om å få større del av inntektene frå samarbeidsavtalane til Skikrinsen.



## EVENTUELT

**Neste møte i HKK:** Torsdag 14. desember kl. 20:30 (digitalt møte)

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Jon Ove Lomheim (s)  
Leiar HKK

Kennet Dvergedal (s)  
Referent